

Forklaring til bruk av merking og skrift i dokumentet:
Det som er skriva i *kursiv* er henta frå plandokumenta.
Det som er markert med **gult** er det vi meiner er viktig å merke seg.
Det som er skriven med **blå skrift** er våre kommentarar.

Vedlegg 7: KU – Naturmangfald

Truga artar

I seinare år er det observert hekking av Vipe (EN) (fleire par og fleire plasser) i området mellom Skjenhaugen og Gardhaugen, som er midt i trase' til planlagt lokalveg.

Då Vipe er ein truga art er det stor negativ konsekvens ved å øydelegge hekkelokaliteter.

Konsekvens må være å legge lokalvegen nærare allereie ueigna hekkeområde langs E39, slik at dyrka mark vert bevart, i denne samanhengen for hekkelokaliteter.

Marint liv

For den marine del av KU visast det til synfaring 14/3-14 av Rådgivande Biologer (RB) (Eilertsen m. fl). Det er altså IKKJE utført synfaring i sjø/sjøsona i forbindelse med denne KU!

Synfaring (til RB) var avgrensa til sublitoralen (sjøsona), den omfattar altså ikkje tidevassona. Den var også føretatt på en tid av året som ikkje er gunstig for å påvise biologisk mangfald, og der man ikkje ville finne ål eller hummar, som er påvist av lokale. Det er en mangel i KU at det ikkje har vært synfaring av marint biologisk mangfald i litoral sone. Det er også ein mangel at det ikkje er utført synfaring i dei deler av planområdet som ikkje er synfart av RB.

Det er ikkje utført marin naturtypekartlegging i Meland kommune, og da heller ikkje for Flatøyosen. På indre deler av Flatøyosen er det fleire områder av den verdifulle naturtypen «Bløtbunnsområder i strandsonen» (Det er 3 vikar og en liten poll lengst søraust på osen). Ihh. til befaringskart i figur 3 har ikkje RB vært inne på de aktuelle vikene for desse naturtypene. Som lekfolk kan vi ikkje sei noko om kva verdisetjing desse områda får, men desse områda vert sterkt påverka av ei utbygging. Det er ein mangel i KU at desse områda ikkje er undersøkt.

Flatøyosen har truleg ein dårleg økologisk status er utgangspunktet.

Det er difor av stor betydning å vurdere konsekvensar tiltaket kan ha på vassmiljøet på osen. Denne vurderinga er ikkje å finne i KU!